



---

## Notat

---

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik  
Vår referanse: 16/2300 - 6 / Gbnr - 68/20, FA - L42  
Dato: 15.03.2017

---

### Emne: Gnr 68/20 Askeland - uttale frå kultur

Askelandskaaien var eit viktig knutepunkt i eldre tid. Her var dampskipskai, mekanisk verkstad, fleire naust og like opp for kaien, låg posten. I eldre tid har det også vore tingstad på Askeland, og frå 1689 til 1702 budde også sorenskrivaren i Nordhordland her. Alt på den tida må Askeland ha vore ein viktig samlingsplass og eit knutepunkt for områda i kring.

Tre av nausta som ligg ved kaien er sefrak-registrerte, og tiltak er meldepliktige i høve til kulturminnelova. På kaien står framleis verkstadbygningen frå 1920-talet, med eit påbygg i nordvest som kom til noko seinare. Det er også kai, slipp og eit gammalt hønsehus ved Askelandskaaien.

Arne Høyland vurderer i *Sjøbruksmiljøa i Radøy* frå 1995 området til å ha forholdsvis høg vernestatus. Området ligg også til Den indre farleia som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse, som er landskapsområde der ein må visa særlege omsyn i samband med vidare forvaltning og utvikling.

Tiltaka som er søkt om endrar ikkje karakteren til området i særleg stor grad. Naustet som ein ynskjer å setja i stand er i dag prega av forfall, og tiltaka som er skissert vil ikkje redusera kvalitetane i det eksisterande naustmiljøet dersom det vert tilpassa omgjevnadane i høgd, materialval og fargebruk.

Slippen må vera bygd ein gong etter 1930-talet. Før det var det ein samanhengande mur langs heile sjøkanten frå verkstaden og eit stykke nordover. Det er søkt om å sprenga vekk berg i slippen for å gjera det lettare å dra opp båtar. Kulturminneansvarleg har ikkje merknader til tiltaket utover at eksisterande murar bør bevarast.

Verkstaden er eit godt bevart kulturminne frå nyare tid som bør takast vare på. Kulturminneverdien er høgast om eksteriøret vert bevart som i dag. I den samanhengende er det også ynskjeleg at bygget har ein mørk raud, farge slik som me ser av gamle bilete at bygget har hatt sidan det var nytt. Bruk er den beste formen for vern, og at bygget vert brukt, er positivt.

Bente K. Hervik  
rådgjevar kultur